

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 56

Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Etne dal.

Emne: Helsing, fakter og åtferd.

Bygdelag: Heile bygdi.

Oppskr. av: Lærar Martin Lundstein,

Gard:

(adresse): Bruflat.

G.nr. Br.nr.

A. Men av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I

Det har altid vore og er framleis vanleg å gje "ja" tilkjenne ved å nikke eller bukke me d hovudet, og "nei" ved å riste på hovudet, eller enda kraftigare ved å slå fra seg med eine handa, me d handflata vendt mot den han talar me d.

2

Kjente som ein møter på veggen, heisar ein altid pa, og ~~her~~ det er so grisgrønt som her, ogso på ukjente for det meste.

3

Fast regel for kven skulle helse først, har det ikkje vore her. Men når mann og kvinne møttest, måtte det nok vera mannen, og når ung og gammal møttest, meinte alle at det tilkom den gamle (eldre) å helse først.

4

Dei møtande helsa helst berre ut i været: "God dag" "god morn". No tildegs tek gjerne gutane av luva, og småjentene neia. Berre til ein og annan kjenst tok manfolka av seg hatten eller huva.

5

Til ein god kjenning, til brukseigar, storbonden og embeðsmann, som ein kjenner, har det altid vore og er skikk å ta av hatten, likeins for slekting eller kjenning, som ein ikkje har sett på lenge.

6

Hér har ingen brukta å ta hatten av med begge hendene eller leggja han under armen.

2.

So vidt ein veit, har det ikkje vore nokon skil på helsinga enten ein var kledd til arbeid eller fest.

8

Det har før som no vore vanleg å handhelse når ein kom på vitjing, ilag (bryllupp og gravöl), ved kyrkja, i selskap eller på vene og kjenningar, som ein ikkje hadde sett på lenge. På born ned til 3-4 år helsa ein gjerne på.

9

Det har vore og er mange som klappar ein på oksli som uttrykk for venskap eller glede.

10

Me veit ikkje av at det har vore bruk her å gjera noko soga sers, om dei höyrde kyrkleklokka.

II

Dei som møtte ei likferd, stogga til færdi var forbi.

Fin tok då gjerne av hatten for kvar skyss, som koyrde framum. Ved møte med bryllupsfolk gjekk ein fram på liknande måte.

I2

Me kjenner ikkje til at der her har vore bruk å helse på dyr eller daude ting.

I3

I gamal tid og til for 30-40 år sidan helsa dei om morgen "god morn" og om dagen "god dag", om kvelden "god kveld", men "god natt" når dei gjekk att om kvelden. No er det mange som seier "god morn" eller berre "morn" til alle tider på døgnet.

I4

Beint fram usömeleg reknar dei det ikje for, om det blir brukt helsing, som ikkje er tidhøveleg. Men mange har no teke til med "ja, du får ha det då," når dei går. Den slags helsing likar ikkje mange, og for å vera litt vridde kan dei då svara: "Kva er det eg skal ha då?"

I5

Sjå under spm. I4.

I6

"Morn" og god morn", brukar mange no døgnet rundt.

I7

Eg veit ikkje av at "Guds fred" har vore brukt her.

Men "signe arbeidet", signe maten" eller "signe laget"

II
har vore brukt før, men no sjeldan.

18

Ein eldre mann, som er død for 20 år sidan, svara meg alltid "Gud sign deg", når eg helsa han med "god dag". Men denne svarhelsingi har eg ikkje hört sidan.

19

Om ein gjest har helsa på mannen i huset ute, vil han nok helse på alle inne og.

20

Vilde ein tala med ein i huset åleine, prövde ein stött å få greidt det tilfeldig utan å seie so alle höyrde at dei skulle vera på tomans hand. Lukkast ikkje det, lau laut han sjölv sagt seie at det var noko han hadde å segja "under fire augo".

21

Intil for 20 år sidan var det ölite brukt å banke på döri för ein gjekk inn. No er det ganske vanleg.

22

Den som banka på döri, fek gjerne til svar: "Kom inn", "ver so god", men aller oftast berre "kom". So gav han seg litt god tiq inna for dören, med han bar fram helsinga si.

23

Det har ikkje vore vanleg at dei fann seg sitteplass sjölvé när dei kom inn. Husets folk brukte før, og lik eins no, å setja fram stol eller vise dei sete, so dei slapp å bli ståande lenge ved döri.

24

Det har vore skikk og bruk her å ta av hatten med same ein helsar.

25

Var det ein granne eller kjenning, som ein ofte såg, so var det ikkje sikkert at stol vart framsett. Dei kunne då berre seia: "Sjä åt du fär sitta".

26

Det har alltid vore gjort stor skilnad på kven som kom.

27

Var det ein framand og ukjent som kom tilgards, so vart han og bode sete, men ikkje yngst velkommen. Han helste gjerne som andre: "God dag" eller "god morn".

Slekt eller kjenningar, som kom på vitjing, vart altid yngst velkomen. Det kunne hende at kona turka av stolen som so var at dei held på med noko som òg stöva av.

29

Innbi dne gjester vart helsa velkomen som andre gjester, men fekk ofte attät höyre: "Det var då nytt å sjå deg", eller: "Det var jamen moro at du vilde sjå til oss".

30

Ved avskilen sa den framan ðe attät "Takk for no", farvel" eller "lev so vell". "Adjö" er lite eller inkje brukt her. Derimot har mange, sers av dei yngre, teke til me ð den uskikken å seie: "Du får ha det då."

31

Helsing når det er tanke om fravær for lengre tid, er altid meir omstendelig, som : "Ja, lev so vell då alle sammen, og takk for no" eller: "Ja, farvell då, ha det bra al alle ihop." Eit siste farvel er sjölsagt mykje meir omstendelegt, ålvårsamt og vemodigt.

32- 33

Det er ikkje skikk her at folk kysser kvarandre ved avskil.

34

Uttrykket "ågi munn" er ukjent her.

35

A kysse på handa er ikkje i bruk her, og har heller ikkje vore det, det ein veit.

36

Å syne taksemd for ei gäve har altid vore gjort ved å ta gjevaren i handa og takke.

37

Har aldri sett her at nokon har kyst sin eigen hand.

38

Ein höyrer sjel ðen eller aldri at nokon ber småbarn om eit kyss, men om "ein klemm" (mjuk kjake).

39

"Byte nase" med småborn blir ofte gjort. Her kalla dei det det "änubbe nase" eller "byte nase".

40

Både mor og far og andre, stundom også framande kunne

4.

7562

III

stundom "nubbe nase" med smäen.

41

För säg ein stundom at ein skjemta med born i ved ä stela nasen deira, ~~og~~ syne dei den millom peke og langfingren, men det er vist lite eller inkje i bruk no.

42

Det har ikkje vore bruk millom vaksne å gje "mjuk kjake", men ofte millom vaksne og born.

43

Som oftast vart slike mjuk kjakar utveksla millom barn og andre i huslyden, meir sjeldan mot framande.

44

"Til lukke" vart og er altid brukt ved giftarmäl, trulovning barnedäp, konfirmasjon, äremälsdagar. "Gratulerar" brukast nok iblant ved slike höve og, men ikkje so mykje som "til lukke".

45

Til jol har "god jol" eller "gledeleg jol" vore fast helsing, og "godt nytär" ved årsskiftet.

46

Ved melding om dödsfall eller ved frammöte i gravöl var det i gamal tid ikkje skikk og bruk å nevne noko om hendingi. Men frå pålag 1900-1910 er det vorte vanleg med "kondolere".

47

Ved kondolering er svaret altid berre "takk". Ved jole- og nytärshelsing og elles når det höver: "Tak, i like mäte" eller "tak, deg det same".

48

Å takke ut, när ein avlidne skal gravleggjast, brukast ikkje her. Men ved kransepälegjing eller i liktalen kan det som oftast bli retta ei takk til avlidne frå dei attlevande.

49

Ein ser nok stundom at det blir vist einkvan vanvyrda berre ved fakter. og det sker helst ved å herme etter honom eller kopiere ein eller annan seregenheit, som han er kjent for å ha.

50

I dagleg tale seier me her i Valdres "du" til alle. Men du

6.

veit,treffer me "fine folk", langfråmande og högtståande personar,synes nok mange dei må knote "M. Di, Dem el ler Dere".Men ikkje alle gjer det.

51

Ein brukar ikkje her no å seie "han" eller "ho" i tiltale.
Men til meir högtståande folk brukar me gjerne å nevne tittelen deira.Til domes:"Kva seier presten om det", eller:"Skal sorenskrivaren reise no?". "Ma me by fylkesmannen ein kopp haffe?" o likn.